

Eg lagar til songar

Tone: Nordlands trompet

1) Eg lagar til songar so jamt eg hev trong
Eg tenkt eg skul' prøva aa syngja ein gong
Um ditta, um hitt aa um datta
Um klokskap, um galskap, um tøv aa um tull
Um byrgheit, um storheit, um kopar aa gull
Um knaging um likning um skatta

2) No klokskap aa galskap hev gift seg ihop
aa pengar aa morro eit einaste rop
I høgdi med stell aa med styrdna
No kreti aa pleti er nøgde aa sams
det djupaste alvor gjeng yver til glans
De' smaatt med den heilage vyrdna

3) Dei kloke aa lærde dei berre skriv bøk
Aa lest vera kjend, baa i flor aa i kjøk
Aa dykje kor alt skulle vera
Eg les meg so trøytt at eg jamleg maa læ
Naar eg kjem ihuga kor bakvendt da æ
Kun seia kva andre skal gjera

4) Aa jamnast gjeng klander utyver dei smaa
Dei følgjer 'kje med da dei kloke finn paa
Di skynar forlite paa gagne
I gjønom maskinor ein alt heve pint
Baa maten aa klædi er laga so fint
Kvifor ikkje bita paa agne

5) Aa bønder so sitja med jord aa med gar
Hev nok med dei rentor og skattar dei har
So faar dei la slike ting vera
Sjaa laana aa borga er sure ting da
Aa leigar aa tenar er kostsamt aa ha
So jordbrukje kan da kje bera

6) Sjaa alle so slitar fraa morgon til kvell
Dei jamnaste er so faar hædord aa skjell
For vesalt, for lite aa meira
Men bønder aa andre baa store aa smaa
so strævar aa balar sovidt som er raa
Eg gjev dei den høgaste æra

7) Paa bonde aa fiskar ein skilnad me sjaa
Ein skilnad i arbeid, men fleste hev daa
Eitt heim til aa styra aa stella
Tak paa aa ver bonde, ver fiskar a sjaa
Eg tenkjer du vil ikkje hoffdagar faa
Det gjeng ikkje bror min aa skjella

8) Vort Norig, vort arbeide heimstell aa styr
Vor sparsemd, vor staaking med gardsavl aa dyr
Vor umsut aa stræv i da heila
At ditta er smaating me vita aa sjaa
Um alle var bispar, korleis vart det daa
Jau daa fekk me sjaa kva som feila

9) Eg lyt segja sant, um det svara aa svi
Da fell meg so søtt, naar for sanning eg li
De' grueleg stygt til aa lyga
Eg høyre dei segja ein skal teia still
Lat folki i verda ta paa kva dei vil
Aa falsk gjenom vegarne smyga

10 Men soleisna lære 'kje bibelen oss
Han ritar upp misgjerdur rundt og i kross
til lærdom da heila skal væra
Aa lærdfolkje dei hava skipa med log
At borni i skulen skal sanna, dei prov
Dei misgjerdur ikke maaa gjera